

Referat frå rådsmøte 12. april 2011. (Korrigert versjon)

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Bjørn Nome, Olav Urbø, Solveig S. Abrahamsen, Torstein Tveito, Arne Vinje, Sverre Sæther, Ketil Kiland, Therese Hauger, Per Dehli, Hans Bakke, Hans Kristian Lehmann og regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggnes.

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 27/2011 Referat frå ekstra rådsmøte 15. mars 2011

Vedtak: Referat frå ekstra rådsmøte 15. mars 2011 vart samrøystes godkjent.

Sak 28/2011 Strategisk Næringsplan, vidare arbeid.

Etter vedtak i Tinget er Vest-Telemarkrådet ansvarleg for heile planen og finansieringa av denne. Til rådsmøtet 12. april låg det føre utkast til vidare framdrift i arbeidet med planen med forslag om å delegera prosjektansvaret på tiltaksnivå til dei aktørane som i prosessen har fremma og utvikla prosjekta. I samband med tiltak 3 – 4 SIVA Næringshage er det ei klar haldning at regionen ynskjer ein slik lagt til Vest-Telemark. Dette er også formelt meddelt Telemark fylkeskommune.

Vedtak:

Som prosjektansvarleg for Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 vedtek Vest-Telemarkrådet fordelinga av utførings - ansvar slik det går fram av saka, med unntak av tiltak "2-2 Felles reiselivsprogram" der ein ynskjer at dei reiselivsansvarlege får rolla som styringsgruppe for prosjektet. Rådet skal stå for finansiering av planen, medan næringsgruppa får til oppgåve å syte for forankring av kommunal deltaking. Ein legg opp til at forslag til prosjektplaner og økonomisk omfang skal handsamast i rådsmøtet 24. mai.

- 1. Tiltaka skal organiserast på ein effektiv måte som sikrar forankring og ivaretek det formelle i høve til bestilling/utføring.*
- 2. Vest-Telemarkrådet eller grupper oppnemnt av dette er styringsgruppe for dei ulike tiltaka.*
- 3. Når det gjeld tiltak 3 – 4 SIVA Næringshage er arbeidsutvalet (AU) styringsgruppe. Vidare vert det oppnemnt ei arbeidsgruppe med representantar frå kvar enkelt kommune og leiaransvar lagt til Seljord kommune. Arbeidsgruppa har som oppgåve å organisere det vidare arbeidet med næringshage, herunder utkast til søknad.*

Sak 29/2011 Utvida brannvernsamarbeid, orientering v/Hans Kristian Lehmann

Det låg føre utgreiing om eit mogleg utvida brannvernsamarbeid i regionen. Utgreiinga konkluderer med å tilrå utviding av brannvernsamarbeidet til også å gjelde beredskapsarbeidet, noko som mellom anna inneber oppretting av ny stilling som beredskapsleiar. Styreleiar i brannvernsamarbeidet, Hans Kristian Lehmann var tilstades og gjorde nærare greie for utgreiinga.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til konklusjonen i rapporten og rår til at saken blir lagt fram til handsaming i kvar enkelt kommune. Samrøystes vedtak.

Sak 30/2011 Orienteringssaker.

Politikar 2020.

Prosjektleiari Ole Dalen orienterte nærare om status for prosjektet. Politikar 2020 er no eit Telemarksprosjekt der det blir signalisert forankring frå mange hald. Etter møte med statssekretær Dag Henrik Sandbakken er det også vist stor interesse frå Kommunal- og Regionaldepartementet for prosjektet. Politikarveka i Bø 19. – 21. august er no under førebuing, og arbeidet med å opprette aktuelt politikarstudium ved Høgskulen i Telemark er innretta på oppstart frå 1. januar 2012.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Digitalt samarbeid.

Ole Dalen orienterte om det digitale samarbeidsprosjektet som er eit Telemarksprosjekt. Ein har kome langt i arbeidet med tilpassinga av reiselivsdaten Tellus der mellom anna Seljord-portalen er

ein integrert del av denne. Alt bygger på den digitale plattformen Origo.

Viktige stikkord er: Montering av info-kioskar i regionen, modernisering av reiselivskalenderen *Kva skjer*, lenke til facebook osv.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Bompengesaken.

Regionrådsleiar orientert kort om status i bompengesaken. Det ligg føre forslag om bompengefinansiering av 4 delstrekningar på E134 mellom Seljord og Åmot. Forslaget skal i nær framtid opp til formell handsaming i kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje. Telemark fylkeskommune skal handsame saken i juni inneverande år med tanke på vidare ekspedisjon fyrst til Vegdirektoratet, deretter til Samferdselsdepartementet og tilslutt framlegging til endeleg handsaming i Stortinget.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Snøskuter-saken.

Arne Vinje orienterte nærare om saken. Vinje kommune har ikkje formell status som forsøkskommune men har fått løyve til å halde fram til ny lov ligg føre. Endeleg avklaring vil truleg kome denne våren og kvar enkelt kommune vert oppfordra til å spele inn synspunkt i saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Breiband, vidare utbygging.

Børge Skårdal orienterte nærare om arbeidet med vidare utbygging av breibandskapasiteten i regionen. Ein er no i starten av fase 2 der målsettinga er å bygge høgkapasitets breiband til så mange som råd. Planen er å starte den vidare utbygginga der kvaliteten i dag er dårleg. Dette inneber vidare utbygging av fiber og ei gradvis utfasing av ADSL samstundes som radiolinje fortsatt er aktuelt. Utbygginga vil måtte gå over tid og vera eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune, enkeltkommune og utbyggjar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

LVK-nytt.

Anne-Nora Oma Dahle orienterte kort om siste nytt frå LVK, der mellom anna makstak-saken i samband med beskatning er eit svært viktig tema.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Telemark Utviklingsfond.

Telemark Utviklingsfondet er nyleg etablert som organ for løyving av konsesjonskraftmidlar og det er vedteke retningsliner for dette.

Olav Urbø, som er regionens representant i styret for fondet, gav ei kort orientering om aktuelle problemstillingar i samband med dette.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Ny drift Suleskarekspresen.

Olav Urbø orienterte nærare om saken. Det er løyvd kr. 550 000,- i form av KID-midlar (kollektivtrafikkmidlar i distrikta) til marknadsføring og ny oppstart av Suleskar-ekspresen mellom Stavanger og Åmot. Det er lagt til grunn at dei aktuelle kommunane og fylkeskommunane langs ruta skal delta økonomisk for å få tilstrekkeleg grunnlag. Oppstart av ruta er tidfest til sommaren 2012.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Møte krisesenter-samarbeidet.

Skien er vertskommune for krisesenter-samarbeidet i Telemark og det ligg føre invitasjon til kontaktmøte i Skien 6. mai.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ber rådmannsutvalet velje utsending til møtet og at denne også kan vera regionens representant vidare i krisesenter-samarbeidet.

Felles kommunestyremøte i samband med Tinget 21. juni ?

Det vart teke opp til drøfting om det er aktuelt å kombinere møtet i Tinget 21. juni med eit felles kommunestyremøte for alle kommunane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser det ikkje som aktuelt å kombinere møtet i Tinget 21. juni med eit felles kommunestyremøte for dei 6 kommunane. Ein vil vurdere dette på nytt etter at ny kommunestyreperiode har trådd i kraft.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes